



Positiv rydding ved innkøringa mot Uskedalen i dag

Hugsar du den såkalla Operasjon Buskmann som vart lansert for mange år sidan? Den gjekk ut på å fjerna vegetasjon som var eit problem og ein fære for trafikken på grunn av at den skjerma for utsikten. For 2 år sidan såg vi på tilhøva langs vegane i Uskedalen og konstaterte at Buskmannen burde ta seg ein runde att også på våre kantar. Det var rett nok eit lyspunkt at det vart fjerna ein god del vegetasjon langs fylkesvegen ved Rød, men aksjonen vart ikkje ført vidare. Eit døme på det var innkøringa til sentrum i Uskedalen frå vest.

I dag er gleda difor større når vi ser at Operasjon Buskmann har gjort ein storinnsats mellom elva og fylkesvegen ved Nedre Fet. Medan ein tidlgare kunne sjå både sentrum, Stølavikjo-området, Rabben og elva under innkøringa ved Nedre Feet har det i dei seinare år grodd opp ein stadig tettare vegetasjon som stenger, men i dag er mykje av den fjerna.

Enda tettare er vegetasjonen mellom fjorden og fylkesvegen i området mellom Herøysund og Uskedalen. Når slår Operasjon Buskmann til der?

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Slik var situasjonen for 2 år sidan